

INFORMASJON TIL ELEVANE OM SPØRJEUNDERSØKINGA FRÅ FYLKESMANNEN

Fylkesmannen er ein statlig organisasjon. Vi har som ei av våre oppgåver å kontrollere at kommunar og fylkeskommunar følgjer lova. Skulen er ein del av ein kommune/fylkeskommune, og vi har starta ein kontroll (eit tilsyn) med skulen din. Vi ønskjer at du svarer på nokre spørsmål som kan hjelpe til i tilsynet.

Kva er tilsyn?

Fylkesmannen skal føre tilsyn med alle skulane. Tilsyn inneber at vi kontrollerer om skulane følgjer dei lovene Stortinget har vedteke. Målet med tilsyn er å medverke til at alle skular følgjer lova.

Kva skal Fylkesmannen kontrollere?

I tilsynet med skulen din ser vi på reglar og plikter som skal medverke til at du og dine medelevar får eit godt utbytte av opplæringa. Desse reglane skal sikre at du får vite korleis du må jobbe for å bli betre i faga. Det er derfor viktig for Fylkesmannen å vite korleis du og dine medelevar opplever situasjonen på skulen. Vi spør om du kjenner måla i eit bestemt fag, om du får vite korleis du ligg an, og om du får delta i vurderinga av arbeidet ditt.

Kva bruker Fylkesmannen svara mine til?

Vi bruker svara frå elevane til å vurdere situasjonen på skulen. I tillegg hentar vi inn annan informasjon. På bakgrunn av all informasjonen gjer vi ei vurdering av skulen. Nokre gonger følgjer ikkje skulane alle reglane eller pliktene i lova. Vi ber da skulen om å rette opp i forholdet.

Korleis skal eg svare?

Øvst på spørreskjemaet står det kva for fag undersøkinga gjeld for i din klasse/di gruppe. Tenk på situasjonen i dette faget når du svarer. Det er ikkje noko svar som er rett eller gale. Er du usikker på svaret, vel det du føler er rettast. Forstår du ikkje spørsmålet, spør om hjelp. Du kan også hoppe over spørsmålet. Svaret ditt er anonymt: Ingen skal vite kva som er svara dine.

Vi håper du vil svare på undersøkinga!

Vennleg helsing Fylkesmannen